



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Uppheim i Volda
Dato: 22.06.2017
Tid: 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen, permisjon kl. 18.00	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Erlend Koppen	Medlem	KRF



VOLDA KOMMUNE

Varamedlemer som møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Margaret Theresa R. Kornberg	Erlend Koppen	KRF

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Heltne	Planleggar OS 39/17, PS 75/17, PS 76/17 og PS 77/17
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service PS 82/17, PS 83/17, PS 85/17, PS 86/17 og PS 87/17

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 73/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 74/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 39/17	Orientering ved Statens vegvesen – Voldatunnel
PS 75/17	Campusutvikling - romprogram for kulturhus og kino – sambruk
PS 76/17	PlanID 2016006 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen gbr 19/24 mf.l.
PS 77/17	Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.
PS 78/17	Korrigerering av budsjett 1.halvår 2017
PS 79/17	Kjøp av Volda fiskerihamn
PS 80/17	Handelskuletomta - gbr 19/937 - Godkjenning av avtale
PS 81/17	Opsjon EPC tiltak Voldahallen
PS 82/17	Deltakarar i «Nettverk for folkevalte» i demokratiprojektet



VOLDA KOMMUNE

til Sunnmøre regionråd IKS

- PS 83/17 **Politisk organisering - Reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteutval for barn og kultur (TOK)**
- PS 84/17 **Nye vedtekter og endra organisering for Søre Sunnmøre IKT**
- PS 85/17 **Tenesteutval for oppvekst og kultur - val av leiar, medlemmar og varamedlemmer**
- PS 86/17 **Tenesteutval for helse og omsorg - val av leiar, medlemmar og varamedlemmer**
- PS 87/17 **Alexander Løvik Stevenson - søknad om fritak frå politisk verv**
- PS 88/17 **Orienteringssaker**
- OS 40/17 **Melding om tildeling av leigeavtale for nye lokale for NAV Ørsta/Volda**
- OS 41/17 **Sunnmøre Regionråd IKS - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 2-2017**
- OS 42/17 **Spørsmål om anke av skjøn - Næringsareal Øvre Rotset**
- OS 43/17 **Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport barnevern - Volda kommune**
- PS 89/17 **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 92/17 **Løyve til endring av rammeløyve Gbr 2/49**
- DS 93/17 **Ramme -og igangsettingsløyve, felles naust Gbr 2/120**
- DS 94/17 **Løyve til tiltak, nytt naust Gbr 6/8**
- DS 95/17 **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 10/2**
- DS 96/17 **Løyve til endring Gbr 11/91**
- DS 97/17 **Igangsettingsløyve Gbr 11/91**
- DS 98/17 **Løyve til tiltak, bustad og garasje Gbr 17/241**
- DS 99/17 **Igangsettingsløyve Gbr 17/242**
- DS 100/17 **Løyve til tiltak, bruksendring Gbr 19/753**
- DS 101/17 **Igangsettingsløyve, bustad Gbr 21/158**
- DS 102/17 **Løyve til tiltak, garasje Gbr 27/130**
- DS 103/17 **Løyve til endring Sambindingsveg Håmyra**
- DS 104/17 **Løyve til tiltak, garasje Gbr 30/198**
- DS 105/17 **Ferdigattest Gbr 30/24**
- DS 106/17 **Løyve til tiltak, ombygging Gbr 30/28**
- DS 107/17 **Løyve til tiltak, rehab pipe Gbr 41/1**
- DS 108/17 **Løyve til tiltak, garasje Gbr 53/3**



VOLDA KOMMUNE

DS 109/17	Mellombels bruksløyve Gbr 56/1
DS 110/17	Løyve til tiltak, bruksendring av løde Gbr 56/1
DS 111/17	Ferdigattest, hytte Gbr 59/5/13
DS 112/17	Ferdigattest. tilbygg Gbr 86/4
DS 113/17	Løyve til tiltak, garasje Gbr 80/8
DS 114/17	Ferdigattest, tilbygg Gbr 116/3

PS 73/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publiserte på heimesida den 15.06.2017.
Møtet vart annonsert i «Møre» den 17.06.2017.

Dokument lagt ut på lesebrettet den 21.06.2017:

Protokoll frå møte i valnemnda 21.06.17.

Dokument utdelt på møtet:

Grunngjeve spørsmål om vannscooter frå MDG Øyvind Festø
Svar på grunngjeve spørsmål frå ordføraren.
Protokoll frå møte i valnemnda 21.06.17.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Røysting innkalling:

Innkallinga vart samrøystes godkjent

Sakliste

Ordføraren vil svare på grunngjeve spørsmål om vannscooter frå MDG Øyvind Festø i slutten av møtet.



Røysting sakliste:

Saklista, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

PS 74/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 01.06.2017 vart samrøystes godkjent.

OS 39/17 Orientering ved Statens vegvesen - Voldatunnel

Representantar frå Statens vegvesen Region Midt og planleggar Per Heltne, orienterte om reguleringsplan E39 Volda-Furene.

PS 75/17 Campusutvikling - romprogram for kulturhus og kino - sambruk

Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløysing med mediebygg på Campusområdet. Kommunestyret legg vidare til grunn at det er løpande dialog mellom partane i skisseprosjektfasen for å gjere justeringar og tilpassingar som tener partane sine behov og økonomiske rammes.*
- 2. Kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergjar for Høgskulen og Volda kommune.*
- 3. Kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløysing når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.*

Handsaming:

Roald Espset, Volda FrP, kom med slikt framlegg:

- 1. I samsvar med gjeldande prinsipp og lover knytt til offentlege anskaffingar, lyser Volda kommune straks ut anbod på kulturhus i sentrumskjernen i Volda tettstad.*

Anbodet skal minst basere seg på innhaldet som så langt er skissert i «Campusalternativet». Frist for endeleg anbod vart å sette til utgangen av november 2017 slik at ein kan gjere ei kostnadsvurdering i forhold til budsjett og økonomiplan.



VOLDA KOMMUNE

Tilbod som vert gjevne skal utlyse synergjar med nærings- og samfunnsliv.

- 2. Endeleg tilbod frå høgskulen kan vurderast som ordinært anbod i ein slik konkurranse.*

Erlend Krumsvik, KrF, fremja følgjande framlegg:

- 1. Kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløyising med mediebygg på Campusområdet. Kommunestyret legg vidare til grunn at det er løpande dialog mellom partane i skisseprosjektfasen for å gjere justeringar og tilpassingar som tener partane sine behov og økonomiske rammes.*
- 2. Kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergjar for Høgskulen og Volda kommune.*
 - a. Utforming av scena på kulturhuset bør ha fokus på optimal gjennomføring av framsyningar av amatørballett og musikaler med inntil 400 aktørar.*
 - b. Utforming av kinosalen bør tenke framtidsretta der kinosalen både bør være ein sosial møteplass i tillegg til eit teknisk framsyningsrom, og framstå som annleis enn ein «vanleg kinosal».*
- 3. Kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløyising når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.*

Erlend Krumsvik kom med framlegg om at tidlegare fremja framlegg frå KrF, vert endra til eit oversendingsframlegg.

Røysting (27 røysteføre):

Framlegget frå Erlend Krumsvik, KrF, vart samrøystes vedteke som eit oversendingsframlegg.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå Roald Espset. Tilrådinga frå formannskapet fekk 26 røyster og vart vedteke. Framlegget frå Roald Espset fekk ei røyst og falt.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017:

- 1. Kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløyising med mediebygg på Campusområdet. Kommunestyret legg vidare til grunn at det er løpande*



VOLDA KOMMUNE

dialog mellom partane i skisseprosjektfasen for å gjere justeringar og tilpassingar som tener partane sine behov og økonomiske rammer.

2. *Kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergjar for Høgskulen og Volda kommune.*
3. *Kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløysing når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.*

Oversendingsframlegg:

1. *Kommunestyret legg begge romprogramma i saksutgreiinga til grunn for planlegging av kulturhus og kino i skisseprosjektet for nytt mediebygg i sambruksløysing med mediebygg på Campusområdet. Kommunestyret legg vidare til grunn at det er løpande dialog mellom partane i skisseprosjektfasen for å gjere justeringar og tilpassingar som tener partane sine behov og økonomiske rammer.*
2. *Kommunestyret oppmodar om arealeffektive løysingar som gir optimale felles synergjar for Høgskulen og Volda kommune.*
 - a. *Utforming av scena på kulturhuset bør ha fokus på optimal gjennomføring av framsyningar av amatørballett og musikaler med inntil 400 aktørar.*
 - b. *Utforming av kinosalen bør tenke framtidsretta der kinosalen både bør være ein sosial møteplass i tillegg til eit teknisk framsyningsrom, og framstå som annleis enn ein «vanleg kinosal».*
3. *Kommunestyret avklarar dei økonomiske rammene for årleg leige/drift i komande økonomiplan, og at dette vert førande for valet av kulturhus- og kinoløysing når ein skal ta endeleg stilling til prosjektet etter nyttår.*

PS 76/17 PlanID 2016006 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen gbr 19/24 mf.l.

Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

Detalj-reguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mf.l., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 1.06.2017 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12.



VOLDA KOMMUNE

Handsaming:

Per Svein Krøvel reiste spørsmål om sin habilitet, han er far til mogleg brukar av bustadane, jf. fvl. § 6, 2.ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Sølvi Dimmen reiste spørsmål om sin habilitet, ho er mor til mogleg brukar av bustadane, jf. fvl. § 6, 2.ledd. Ho tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Per Svein Krøvel vart samrøystes kjent inhabil.

Sølvi Dimmen vart samrøystes kjent inhabil.

Øyvind Festø kom med slikt tilleggsframlegg:

Kommunestyret ber rådmannen vurdere trafikkregulerande tiltak på Severinhuken, med særskild omsyn til bebuarane i området.

Grunngjeving:

Teneleg uteareal for bebuarane sør på Severinhuken er allereie i dag eit knappheitsgode. Trafikkreguleringa i området mellom Ottamarka og Seljebakken er mangelfull, utan tydelig avgrensa køyrefelt og med sporadisk oppmerka parkeringsareal. Med ytterligare fortetting av dette området må ein rekne med auka trafikk. For å sikre tryggare rammer for bornehageborn, eldre og funksjonshemma er det etter vårt syn viktig at ein ser på om trafikkreguleringa i området kan gjerast på ein betre måte.

Øyvind Festø kom med framlegg om at tidlegare fremja framlegg, vert endra til eit oversendingsframlegg.

Røysting (25 røysteføre):

Framlegget frå Øyvind Festø vart samrøystes vedteke, som eit oversendingsframlegg.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017

Detalj-reguleringsplan for Sevrinhuken/Dokterhaugen, gnr. 19, bnr. 24 mfl., med tilhøyrande reguleringsføresegner, sist datert 1.06.2017 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12.

Oversendingsframlegg:



VOLDA KOMMUNE

Kommunestyret ber rådmannen vurdere trafikkregulerande tiltak på Severinhugen, med særskild omsyn til bebuarane i området.

Grunngjeving:

Teneleg uteareal for bebuarane sør på Severinhaugen er allereie i dag eit knappheitsgode. Trafikkreguleringa i området mellom Ottamarka og Seljebakken er mangelfull, utan tydelig avgrensa køyrefelt og med sporadisk oppmerka parkeringsareal. Med ytterligare fortetting av dette området må ein rekne med auka trafikk. For å sikre tryggare rammer for bornehageborn, eldre og funksjonshemma er det etter vårt syn viktig at ein ser på om trafikkreguleringa i området kan gjerast på ein betre måte.

Per Svein Krøvel og Sølvi Dimmen tok sete.

PS 77/17 Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.

Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

Detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Løfoll, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av plankart og føresegner datert 23.05.2017, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

Handsaming:

Arild Iversen reiste spørsmål om sin habilitet, han har levert fråsegn i saka, jf. fv. § 6, 2.ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Arild Iversen vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017

Detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Løfoll, del av gnr 74/2 og 4 m.fl, slik det går fram av plankart og føresegner datert 23.05.2017, vert godkjent i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12.

Arild Iversen tok sete.



VOLDA KOMMUNE

PS 78/17 Korrigerering av budsjett 1.halvår 2017

Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

- 1. Frie inntekter vert redusert med kr 400.000.*
- 2. Integreringstilskot vert auka med kr 2.148.000.*
- 3. EMI-tilskotet vert redusert med kr 3.726.000.*
- 4. Ekstratilskot EMI (inntekt) vert auka med 1.000.000.*
- 5. Minimumsavdraget vert redusert med kr 1.269.000.*
- 6. Budsjetterte renteutgifter vert reduserte med kr 2.100.000.*
- 7. Utbytte frå Tussa vert auka med kr 410.000.*
- 8. Tilskot til bygging av bustad på kr 211.000 vert innarbeidd i budsjettet for 2017.*
- 9. Teknisk sektor blir tilført kr 1.000.000 i driftsbudsjettet for drift av kommunale vegar.*
- 10. Statleg prosjektfinansiering innan rus og psykisk helseteneste vert redusert med kr 575.000.*
- 11. I politisk sak 46/17 (Campusutvikling – ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino), er det løyvd kr 250.000 (finansiert av formannskapet sin reservepost). Finansiering vert endra til bruk av ubunde investeringsfond.*
- 12. Den budsjetterte bruken av disposisjonsfondet vert redusert med kr 995.000.*
- 13. Overføring av ubrukte løyvingar/lånemidlar vert som vist i tabell 3 i saksutgreiinga.*

Handsaming:

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017:

- 1. Frie inntekter vert redusert med kr 400.000.*



VOLDA KOMMUNE

2. *Integreringstilskot vert auka med kr 2.148.000.*
3. *EMI-tilskotet vert redusert med kr 3.726.000.*
4. *Ekstratilskot EMI (inntekt) vert auka med 1.000.000.*
5. *Minimumsavdraget vert redusert med kr 1.269.000.*
6. *Budsjetterte renteutgifter vert reduserte med kr 2.100.000.*
7. *Utbytte frå Tussa vert auka med kr 410.000.*
8. *Tilskot til bygging av bustad på kr 211.000 vert innarbeidd i budsjettet for 2017.*
9. *Teknisk sektor blir tilført kr 1.000.000 i driftsbudsjettet for drift av kommunale vegar.*
10. *Statleg prosjektfinansiering innan rus og psykisk helseteneste vert redusert med kr 575.000.*
11. *I politisk sak 46/17 (Campusutvikling – ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino), er det løyvd kr 250.000 (finansiert av formannskapet sin reservepost). Finansiering vert endra til bruk av ubunde investeringsfond.*
12. *Den budsjetterte bruken av disposisjonsfondet vert redusert med kr 995.000.*
13. *Overføring av ubrukte løyvingar/lånemidlar vert som vist i tabell 3 i saksutgreiinga.*

PS 79/17 Kjøp av Volda fiskerihamn

Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret vedtek å kjøpe Volda Fiskerihamn frå Kystverket. Kostnaden vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond. Det er ein intensjon at årlege kapitalutgifter (tilsvarande låneopptak) og driftsutgifter heilt eller delvis kan dekkjast ved utleige av båtplassar.*
2. *Hamna er ein viktig del av sentrumsområdet. Samstundes vil Volda kommune opne opp for å leige ut båtplassar til private. Administrasjonen vert bedt om å gå i forhandlingar for å få på plass leigeavtale med småbåtlaget. Når denne ligg føre og er godkjent av formannskapet, vil kommunestyret vurdere å løyve midlar til utbetringar av moloen innanfor økonomiplanperioden 2018 – 2021.*
3. *Kommunen legg moloen inn i driftsbudsjettet med ei ekstra sum på kr. 50.000,- (indeksregulert) per år for å dekke straum (lys), brøyting og generelt vedlikehald.*



VOLDA KOMMUNE

- 4. Ordførar får fullmakt til å forhandle med Kystverket om ulempeskostnaden som skal trekkast frå kjøpssummen.*

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg til nytt punkt 4 og 5:

- 4. Ordførar får fullmakt til å forhandle med Kystverket og inngå endeleg avtale.*
- 5. Det er eit vilkår at eigedomen kan overskøytast heftefritt.*

Arild Iversen gjekk.

Røysting (26 røysteføre):

Punkt 1-3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå ordføraren og tilrådinga frå formannskapet punkt 4. Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017

- 1. Kommunestyret vedtek å kjøpe Volda Fiskerihamn frå Kystverket. Kostnaden vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond. Det er ein intensjon at årlege kapitalutgifter (tilsvarande låneopptak) og driftsutgifter heilt eller delvis kan dekkjast ved utleige av båt plassar.*
- 2. Hamna er ein viktig del av sentrumsområdet. Samstundes vil Volda kommune opne opp for å leige ut båt plassar til private. Administrasjonen vert bedt om å gå i forhandlingar for å få på plass leigeavtale med småbåtlaget. Når denne ligg føre og er godkjent av formannskapet, vil kommunestyret vurdere å løyve midlar til utbetringar av moloen innanfor økonomiplanperioden 2018 – 2021.*
- 3. Kommunen legg moloen inn i driftsbudsjettet med ei ekstra sum på kr. 50.000,- (indeksregulert) per år for å dekke straum (lys), brøyting og generelt vedlikehald.*
- 4. Ordførar får fullmakt til å forhandle med Kystverket og inngå endeleg avtale.*
- 5. Det er eit vilkår at eigedomen kan overskøytast heftefritt.*



VOLDA KOMMUNE

PS 80/17 Handelskuletomta - gbr 19/937 - Godkjenning av vtale

Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret godkjenner avtalen jfr. vedlegg 1 b til denne saka. Dette under føresetnad av at det samstundes vert "rydda" opp i avtaleforhold og heftingar i grunnboka/-bøker.*
2. *Kommunen sin kostnad med avtalen vert å dekke av konto 010901.7010.332.700962. Administrasjonen vert beden om å innarbeide kostnadene i budsjettkorrigering så snart endeleg oppgjer inkludert grunnbøker er kjent.*

Handsaming:

Sindre Rotevatn reiste spørsmål om sin habilitet. Han har arbeidskollega som har oppdrag i saka, jf. fvl. § 6, 2.ledd. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Sindre Rotevatn vart samrøystes kjent habil og han tok sete.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017:

1. *Kommunestyret godkjenner avtalen jfr. vedlegg 1 b til denne saka. Dette under føresetnad av at det samstundes vert "rydda" opp i avtaleforhold og heftingar i grunnboka/-bøker.*
2. *Kommunen sin kostnad med avtalen vert å dekke av konto 010901.7010.332.700962. Administrasjonen vert beden om å innarbeide kostnadene i budsjettkorrigering så snart endeleg oppgjer inkludert grunnbøker er kjent.*

PS 81/17 Opsjon EPC tiltak Voldahallen

Tilråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

Administrasjonen vil etter samla vurdering tilrå at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.

Handsaming:

Rådmannen kom med slik redaksjonell endring i tilrådinga frå formannskapet:



VOLDA KOMMUNE

Administrasjonen vil etter samla vurdering tilrå –Kommunestyret vedtek at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.

Arild Iversen møtte.

Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017

Kommunestyret vedtek at ein takkar nei til å gå vidare med opsjon for EPC tiltak i Voldahallen.

PS 82/17 Deltakarar i «Nettverk for folkevalte» i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS

Tilråding i valnemnda - 21.06.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret syner til saksutgreiinga og sluttar seg til at Volda kommune deltek i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS.*
- 2. Eigenandel for kostnader med deltakinga vert å dekkje over ansvar 41 Politisk verksemd.*
- 3. Fylgjande faste representantar i kommunestyret kommune deltek på arrangement i demokratiprojektet:*
 - 1. Rebecca Riise Bjerknæs*
 - 2. Øyvind Festø*
 - 3. Margrete Trovåg*
 - 4. Henning Holsvik*
 - 5. Edvin Dale*

Handsaming:

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om sin habilitet, han er prosjektleiar for «demokratiprojektet», jf. fvl. § 6, 1.ledd, a. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017:

1. *Kommunestyret syner til saksutgreiinga og sluttar seg til at Volda kommune deltek i demokratiprojektet til Sunnmøre regionråd IKS.*
2. *Eigenandel for kostnader med deltakinga vert å dekkje over ansvar 41 Politisk verksemd.*
3. *Fylgjande faste representantar i kommunestyret kommune deltek på arrangement i demokratiprojektet:*
 1. *Rebecca Riise Bjercknes*
 2. *Øyvind Festø*
 3. *Margrete Trovåg*
 4. *Henning Holsvik*
 5. *Edvin Dale*

Erlend Krumsvik tok sete.

PS 83/17 Politisk organisering - Reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO) og Tenesteutval for barn og kultur (TOK)

Tilråding i formannskapet - 30.05.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteutval for helse- og omsorg (THO), tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) og forvaltningsutvalet slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 i denne saka.

Det skal vere minst 4 kommunestyremedlemer i utvala THO og TOK.

Handsaming:

Ordføraren viste til redaksjonelle feil i reglementa. Vidare at siste setning i kulepunkt 6 under avsnitt 3, bør slettast i begge reglementa (~~Når utvala innstiller direkte til kommunestyret, skal desse sakene samlast i eit eige sett, som vert sendt til medlemer og varamedlemer i kommunestyret.~~).

Ordføraren kom med framlegg om at ordføraren får fullmakt til å foreta rettingar i reglementa.

Margrete Bjerkvik kom med slik endring i tilrådinga frå formannskapet:

Går tilbake til bør i staden for skal

Per Svein Krøvel gjekk.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (26 røysteføre):

Det vart samrøystes vedteke at ordføraren får fullmakt til å gjere rettingar i reglementa.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og endringsframlegget frå Margrete Bjerkvik. Tiltrådinga frå formannskapet fekk 20 røyster og vart vedteke, framlegget frå Margrete Bjerkvik fekk seks røyster og falt.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017

Kommunestyret vedtek reglement for Tenesteval for helse- og omsorg (THO), tenesteval for oppvekst og kultur (TOK) og forvaltningsutvalet slik det ligg føre som vedlegg nr. 1 i denne saka.

Det skal vere minst 4 kommunestyremedlemmer i utvala THO og TOK.

Per Svein Krøvel møtte.
Arild Iversen fekk permisjon kl. 18.00

PS 84/17 Nye vedtekter og endra organisering for Søre Sunnmøre IKT

Tiltråding i formannskapet - 13.06.2017 til kommunestyret:

Volda kommunestyre godkjenner endra vedtekter for Søre Sunnmøre IKT.

Nye vedtekter og ny organisering for Søre Sunnmøre IKT vert etablert frå 01.01.2018.

Ordføraren får fullmakt til å endre på vedtektene, dersom dette er nødvendig for å tilpasse vedtektene som kan bli gjort ved handsaming av saka i dei andre kommunane.

Gjeldande avtale om «Regionalt driftssenter» vert sagt opp med avslutning frå same dato.

Handsaming:

Hild Våge kom med slikt framlegg:

Volda kommunestyre oppmodar styret for Søre Sunnmøre IKT om at tilsettingsrepresentant vert invitert til styret under handsaming av saker som vedkjem dei tilsette.

Røysting (26 røysteføre):



VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Det vart halde prøverøysting over framlegget frå Hild Våge:
Framlegget frå Hild Våge fekk 24 røyster, to røysta imot.

Endeleg røysting:
Framlegget frå Hild Våge vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2017

Volda kommunestyre godkjenner endra vedtekter for Søre Sunnmøre IKT.

Nye vedtekter og ny organisering for Søre Sunnmøre IKT vert etablert frå 01.01.2018.

Ordføraren får fullmakt til å endre på vedtektene, dersom dette er nødvendig for å tilpasse vedtektene som kan bli gjort ved handsaming av saka i dei andre kommunane.

Gjeldande avtale om «Regionalt driftssenter» vert sagt opp med avslutning frå same dato.

Volda kommunestyre oppmodar styret for Søre Sunnmøre IKT om at tilsettingsrepresentant vert invitert til styret under handsaming av saker som vedkjem dei tilsette.

PS 85/17 Tenesteutval for oppvekst og kultur - val av leiar, medlemmar og varamedlemmer

Tilråding i valnemnda - 21.06.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret vel følgjande representantar og vararepresentantar til tenesteutval for oppvekst og kultur frå hausten 2017 - 2019

Faste medlemmer:

- 1. Rebecca Riise Bjerknæs, SP*
- 2. Uthman Harbid, AP*
- 3. Alf Jakobsen, SV*
- 4. Inghild Remøy, MDG*
- 5. Henning Holsvik*
- 6. Edvin Dale*
- 7. Per Svein Krøvel*

Varamedlemmer:

AP, SP, SV, MDG og V:

- 1. Idar Flo, V*
- 2. Anne Lise Fredly, AP*
- 3. Siril Bratten, SP*
- 4. Eivind Indresøyde, AP*
- 5. Janne Heggvoll, SV*
- 6. Henriette H. Tsakos, MDG*



VOLDA KOMMUNE

Krf:

1. Erlend Krumsvik
2. Margret Therese Kornberg

FrP:

1. Jenny Venås
2. Eiliv Halkjelsvik

H:

1. Odd Martin Velsvik
2. Elisabeth Velle

Som leiar i tenesteutval for oppvekst og kultur i perioden frå hausten 2017-2019 vert Rebecca Riise Bjercknes valt.

Som nestleiar i tenesteutval for oppvekst og kultur i perioden frå hausten 2017-2019 vert Per Svein Krøvel valt .

Handsaming:

Roald Espset kom med slik endring av rekkefølge på varalista for FrP:

1. Eiliv Halkjelsvik
2. Jenny Venås

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda, med endring frå Roald Espset, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017

Kommunestyret vel følgjande representantar og vararepresentantar til tenesteutval for oppvekst og kultur frå hausten 2017 – 2019

Faste medlemmer:

1. ***Rebecca Riise Bjercknes, SP***
2. ***Uthman Harbid, AP***
3. ***Alf Jakobsen, SV***
4. ***Inghild Remøy, MDG***
5. ***Henning Holsvik***
6. ***Edvin Dale***
7. ***Per Svein Krøvel***

Varamedlemmer:

AP, SP, SV, MDG og V:

1. ***Idar Flo, V***
2. ***Anne Lise Fredly, AP***
3. ***Siril Bratten, SP***



VOLDA KOMMUNE

4. *Eivind Indresøvde, AP*
5. *Janne Heggvoll, SV*
6. *Henriette H. Tsakos, MDG*

Krf:

1. *Erlend Krumsvik*
2. *Margret Therese Kornberg*

FrP:

1. *Eiliv Halkjelsvik*
2. *Jenny Venås*

H:

1. *Odd Martin Velsvik*
2. *Elisabeth Velle*

Som leiar i tenesteutval for oppvekst og kultur i perioden frå hausten 2017-2019 vert Rebecca Riise Bjerknæs valt.

Som nestleiar i tenesteutval for oppvekst og kultur i perioden frå hausten 2017-2019 vert Per Svein Krøvel valt .

PS 86/17 Tenesteutval for helse og omsorg - val av leiar, medlemmar og varamedlemmer

Tilråding i valnemnda - 21.06.2017 til kommunestyret:

Kommunestyret vel følgjande representantar og vararepresentantar til tenesteutval for helse og omsorg frå hausten 2017 - 2019

Faste medlemmer:

1. *Hild Våge*
2. *Benedicte Holmberg*
3. *Dag Aarflot*
4. *Arne Ullaland*
5. *Ivar Otto Kristiansen*
6. *Roald Espset*
7. *Erlend Krumsvik*

Varamedlemmer:

AP, SP, SV, MDG og V:

1. *Anne Natvik SV*
2. *Ingvild R. Hansen SP*
3. *Helge Standal MDG*
4. *Roar Berg AP*
5. *Mona Skålerud SP*
6. *Kasper Selvik AP*



VOLDA KOMMUNE

FrP:

1. *Hilda Fløtre*
2. *Egil Berg*

H:

1. *Audun Høidal*
2. *Torill Hasfjord*

KrF:

1. *Alinde Bjørkedal*
2. *Inger Tove Simonnes*

*Som leiar i tenesteutval for helse og omsorg i perioden frå hausten 2017 -2019 vert Hild Våge valt
Som nestleiar i tenesteutval for helse og omsorg i perioden frå hausten 2017 -2019 vert Benedikte
Holmberg valt.*

Handsaming:

Margrete Bjerkvik kom med slik endring av rekkefølga på varalista for KrF:

1. *Inger Tove Simonnes*
2. *Alinde Bjørkedal*

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda, med endring frå Margrete Bjerkvik, vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 22.06.2017

Kommunestyret vel følgjande representantar og vararepresentantar til tenesteutval for helse og omsorg frå hausten 2017 - 2019

Faste medlemmer:

1. ***Hild Våge***
2. ***Benedicte Holmberg***
3. ***Dag Aarflot***
4. ***Arne Ullaland***
5. ***Ivar Otto Kristiansen***
6. ***Roald Espset***
7. ***Erlend Krumsvik***

Varamedlemmer:

AP, SP, SV, MDG og V:

1. ***Anne Natvik SV***
2. ***Ingvild R. Hansen SP***
3. ***Helge Standal MDG***



VOLDA KOMMUNE

4. *Roar Berg AP*
5. *Mona Skålerud SP*
6. *Kasper Selvik AP*

FrP:

1. *Hilda Fløtre*
2. *Egil Berg*

H:

1. *Audun Høidal*
2. *Torill Hasfjord*

KrF:

1. *Inger Tove Simonnes*
2. *Alinde Bjørkedal*

*Som leiar i tenesteutval for helse og omsorg i perioden frå hausten 2017 -2019 vert Hild Våge valt
Som nestleiar i tenesteutval for helse og omsorg i perioden frå hausten 2017 -2019 vert Benedikte
Holmberg valt.*

PS 87/17 Alexander Løvik Stevenson - søknad om fritak frå politisk verv

Tilråding i valnemnda - 21.06.2017 til kommunestyret:

1. *Alexander Løvik Stevenson får fritak frå vervet som vara i forvaltingsutvalet ut valperioden.*
2. *Som ny 8. varamedlem i forvaltningsstyret blir Betsy Iversen valt.*

Handsaming:

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i kommunestyret - 22.06.2017

1. *Alexander Løvik Stevenson får fritak frå vervet som vara i forvaltingsutvalet ut valperioden.*
2. *Som ny 8. varamedlem i forvaltningsstyret blir Betsy Iversen valt.*



VOLDA KOMMUNE

PS 88/17 Orienteringssaker

Det var ingen merknader til orienteringssakene.

OS 40/17 Melding om tildeling av leigeavtale for nye lokale for NAV Ørsta/Volda

OS 41/17 Sunnmøre Regionråd IKS - Protokoll frå representantskapsmøte nr. 2-2017

OS 42/17 Spørsmål om anke av skjøn - Næringsareal Øvre Rotset

OS 43/17 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport barnevern - Volda kommune

PS 89/17 Delegerte saker frå avdelingane

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

Grunngjeve spørsmål

Avslutningsvis i møtet svara ordføraren på grunngjeve spørsmål frå Øyvind Festø, MDG, om vannscooter.

Møtet slutt kl. 18:45

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
23.06.2017

Sonja Håvik
konsulent